



Stranda kommune

Kommunedirektøren

Saksbehandlar: Einar Lied

Melding om vedtak

Storfjordsambandet As
c/o AS Stette Data Skodjevegen 353A
6260 Skodje

Vår ref.:
24/1834

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2-Q30

Dato:
27.03.2025

Vedtak - Storfjordsambandet

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

26.03.2025 15:00 KOMMUNESTYRET 017/25

Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realiserbart i ein kommande 10 års periode.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Lied
Konstituert kommunedirektør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

--	--	--

Mottakar:

Storfjordsambandet As

c/o AS Stette Data
Skodjevegen 353A

6260 Skodje

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Einar Lied

Arkivsak:

24/1834

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
KOMMUNEPLANUTVALET	04.03.2025	002/25
KOMMUNESTYRET	26.03.2025	017/25

Storfjordsambandet

Kommunedirektøren si tilråding:

- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden), og prioriterer å greie ut nærare alternativa A, B, B1 og B2.
- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVVU'en, og har lågast nytte i forhold til kostnadane.
- Stranda kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVVU) for Storfjordsambandet, og til dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

Tilråding som vedtak frå KOMMUNEPLANUTVALET, 04.03.2025 - 002/25

- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden), og prioriterer å greie ut nærare alternativa A, B, B1 og B2.
- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVVU'en, og har lågast nytte i forhold til kostnadane.
- Stranda kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVVU) for Storfjordsambandet, og til dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

26.03.2025 KOMMUNESTYRET

Storfjordsambandet, foreslått av Frank Sve, Framstegspartiet

Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realiserbart i ein kommande 10 års periode.

Samrøystes (22 voterande)

Møtebehandling

Gunhild Kvam, Øystein Strand og Frode Mork erklært ugild i saka

Vedtak samrøystes

KOM - 017/25 Vedtak

Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realiserbart i ein kommande 10 års periode.

04.03.2025 KOMMUNEPLANUTVALET

Møtebehandling

Gunhild Kvam erklært ugild under avstemminga i saka

Tilråding samrøystes til kommunestyret (5 voterande)

KPU - 002/25 Vedtak

- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden), og prioriterer å greie ut nærare alternativa A, B, B1 og B2.
- Stranda kommune rår til at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVVU'en, og har lågast nytte i forhold til kostnadane.
- Stranda kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVVU) for Storfjordsambandet, og til dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Storfjordsambandet as sende 29. november 2024 nytt underlag for politisk handsaming av KVVU for Storfjordsambandet etter at status er gitt til Stranda, Sykkylven og Ålesund kommunar. Underlaget inkluderer Storfjordsambandet sitt framlegg til vedtak.

Storfjordsambandet har i etterkant av - og på bakgrunn av svar ifrå Sykkylven og Stranda kommunar vurdert alternative løysingar som kan tilfredsstille krava til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing. Storfjordsambandet ber no kommunane svare ut kva alternativ som er interessant å vurdere vidare mot ein eventuell KS1.

Saksopplysningar

I vedlegg vidare politisk handsaming av KVVU finn ein på side 4 denne oppsummeringa som kommunen må ta stilling til:

Innsnevring av moglegheitsrommet

Storfjordsambandet har i etterkant av - og på bakgrunn av svar ifrå Sykkylven og Stranda kommunar vurdert alternativ som kan tilfredsstille krava til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.

A-alternativet er handsama grundig i KVVU-en, mens dei andre alternativa ikkje er handsama spesifikt i KVVU-en.

I vurderinga av alle alternativa opp mot kvarandre i etterkant av KVVU-en har Storfjordsambandet nytta same metodikk og samanlikningsgrunnlag som ved utarbeidinga av KVVU-en. Finansdepartementet sin rettleiar nr. 9 og krav om utarbeiding av avgjerdsgrunnlag ligg framleis til grunn.

Sjå meir om metode i vedlegg på side 14.

Anbefaling ifrå styret i Storfjordsambandet:

- Storfjordsambandet anbefaler kommunane å vente med å ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 til etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVVU) for Storfjordsambandet, og til at dei tre kommunane har samla seg om eitt – eller eit fåtal alternativ.
- Storfjordsambandet anbefaler kommunane om å stå samla om å greie ut nærare alternativa A, B, B1 og B2 då desse har potensiale for vidare utgreiing. Storfjordsambandet anbefaler å nytte ressursar på å vurdere løysingar som kan realiserast på grunn av høgast nytteverdi og som passar inn i målbildet til prosjektet.
- Storfjordsambandet anbefaler kommunane å ikkje greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVVU-en, og at dei etter Storfjordsambandet sine vurderingar gir klart lågast nytte i forhold til kostnadene.

Storfjordsambandet ber kommunane svare ut kva alternativ som er interessant å vurdere vidare mot ein eventuell KS1 - på bakgrunn av; målsetjing i KVVU, nytte/verdiskaping, kostnad, finansiering, politisk vilje:

- A - Kryssing retning Digernes
- B - Kryssing retning Magerholm (Hesseberg)
- B1 - Kryssing retning Magerholm (Hesseberg), ekstra tunnel mellom Hesseberg og Digernes
- B2 - Kryssing retning Magerholm (Hesseberg), oppgradert veg Hesseberg-Glomset, tunnel fra Glomset mot Digernes
- CD - Kryssing Gausnes retning Valgermo (nord), retning Søvik og Engeset (sør)
- CE - Kryssing Gausnes retning Valgermo (nord), retning Søvik og Aure (sør)
- CDE - Kryssing Gausnes retning Valgermo (nord), retning Søvik og Aure samt Engeset (sør)

Framlegg til vedtak

- Stranda kommune anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden), og prioriterer å greie ut nærare alternativa A, B, B1 og B2.
- Stranda kommune anbefaler at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærare alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere er i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVVU-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.
- Stranda kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 til etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVVU) for Storfjordsambandet, og til at dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

Sjå meir informasjon om målstruktur og alternativa lenker bak i dokumentet, og vedlegg; presentasjon til kommunane, november 2024, og KVVU (Konseptvalgutredning, 04.03.24).

Vedlegget “Storfjordsambandet - Konseptvalgutredning og status” er det same som sist saka var oppe hausten 2024. I vedlegget “Storfjordsambandet status etter KVVU_kommunar291124” finn ein nye vurderingar av ulike løysingar som er gjort etter handsaming i kommunestyra. Her ser ein at kravet om minimum seglingshøgde på brua frå Stranda kommune er lagt inn. Likeins er det vurdert ulike alternativ der brua er lagt over til Gausneset. desse vurderingane vert ikkje gjentekne i saka.

Vurdering

Utklippet under viser vurdering frå styret i Storfjordsambandet i oktober 2024:



Kortere tunnelloesning på Sykkylvensiden (sammenlignet med A), tunnel mellom Hesseberg og Digernes.



Kortere tunnelloesning på Sykkylvensiden (sammenlignet med A), og ny oppgradert veg mellom Hesseberg og Glomset, før man går over i tunnel (som alternativ A) mot Digernes.

I november 2024 er det gjort vurderingar som vist under. Dette er kjerna for vurdering av saka og kva ein skal rå til.



A	B	B1	B2	CDE	Evt. CD eller CE
Kryssing reitring Digernes	Kryssing reitring Magerholm (Hesseberg)	Kryssing reitring Magerholm (Hesseberg), ekstra tunnel mellom Hesseberg og Digernes	Kryssing reitring Magerholm (Hesseberg), oppgradert veg Hesseberg-Glomset, tunnel fra Glomset mot Digernes	Kryssing Gaunes reitring Valgermo (nord), reitring Søvik og Aure samt Engeset (sør)	
Merkostnad for løesningen i levetiden: 10.838 MNOK	Merkostnad for løesningen i levetiden: 8.459 MNOK	Merkostnad for løesningen i levetiden: 10.600 MNOK	Merkostnad for løesningen i levetiden: 10.097 MNOK	Merkostnad for løesningen i levetiden: 14.837 MNOK	
Transportnytte: 5.672 MNOK	Transportnytte: 6.076 MNOK	Transportnytte: 6.001 MNOK	Transportnytte: 6.076 MNOK	Transportnytte: 2.139 MNOK	
Økonomiske ringvirkninger: 1.908 MNOK	Økonomiske ringvirkninger: 1.905 MNOK	Økonomiske ringvirkninger: 1.912 MNOK	Økonomiske ringvirkninger: 1.914 MNOK	Økonomiske ringvirkninger: 1.448 MNOK	
Sum netto nytte i levetiden: -3.448 MNOK	Sum netto nytte i levetiden: -595 MNOK	Sum netto nytte i levetiden: -2.850 MNOK	Sum netto nytte i levetiden: -2.253 MNOK	Sum netto nytte i levetiden: -11.553 MNOK	

Med bakgrunn i saksdokumenta ser ein at tyngda av trafikken går mellom Stranda/Sykkylven og Ålesund. Ein mindre del går nord-sør gjennom fylket. Ei samanbinding av kommunane på indre for lettare samarbeid ville nok tilseie fjordkryssing nærare Stranda Gravanoeset - men trafikkmengda ville truleg vere betydeleg lavare enn for A og B alternativa.

Alternativ B ville vere mest tenleg for tyngda av trafikken og kjem best ut i sum netto nytte i levetida. Alternativ B1, eventuelt alternativ B2 vil også ivareta trafikken nord-sør på ein rimeleg bra måte. B2 vil truleg gi større naturinngrep og kome nærare bebyggelse - noko som gir utfordringar både knytt til kostnad og framdrift.

På bakgrunn av dette rår ein til fylgjande prioritering:

1. B
2. B1
3. B2

Vedlegg:

Dok.dato:

14.02.2025

Vedlegg:

Nytt underlag - Politisk handsaming av KVV
Storfjordsambandet - Stranda kommune (hovud-
dokument)

Dok.ID

407998

14.02.2025

291124 Stranda Politisk behandling KVV
Innsnevring

407999

14.02.2025

Storfjordsambandet status etter
KVV_kommunar291124

408000

14.02.2025

Storfjordsambandet - Konseptvalgutredning og
status

408001